

# KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

*Nr. 06- 2015 Torsdag 27. august 44. årgang*

*Neste nr. av KB kjem ut 01. oktober 2015*

*Nytt stoff innan: 15. september 2015*



# Kyrkjeskyss

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste? Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90, faks 56 16 72 91

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no

www.austrheim.kyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Treftid etter avtale  
Kyrkjevevje: Tysdag – fredag kl. 10 – 14  
Utanom dette etter avtale

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjevevje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Svanhild V.Neteland	41 62 73 90

## Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Eli E Daae, Øystein Soldal,  
Jorunn Kårdal,  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkjeba@online.no  
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

## GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

### Sundag 30.08 kl. 10 og kl. 12

Konfirmasjonsgudstenester  
Prest Per Børge Hillestad  
Kyrkjelydspedagog Jostein Hauge  
Organist Ann Jorunn Hopen  
Takkoffer: Misjonsprosjekt i Mali

### Sundag 06.09

Syng deg glad kveld kl. 19.30

### Sundag 13.09

Kyrkjelydstur – sjå eiga kunngjering

### Sundag 20.09 kl. 11.00

Gudsteneste  
Dåp  
Prest Per Børge Hillestad  
Organist Jostein Hauge  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### Torsdag 01.10 kl. 15.00

Gudsteneste i samband med den internasjonale eldredagen

### Sundag 04.10 kl 11.00

Gudsteneste  
Dåp  
Prest Harald Sundsbø  
Organist Jostein Hauge  
Kyrkjekaffi i samband med avskjed for Harald Sundsbø  
Takkoffer: Nordhordland indremisjon

### Gudstenester:

25. okt. kl. 11.00 Familiegudsteneste  
01. nov.kl. 19.00 Helgemesse  
15. nov.kl 11.00 Konfirmantpresentasjon

## Ut av skammekroken

Av gamle oppdragarknep har eg lagt merke til at «kroken» enno er i bruk.

«Viss du ikkje kan oppføra deg, må du stå i kroken», seier oppdragaren. Og der står barnet til ria er over. Mange blir verande i skammekroken heile livet. Anten dei held fast på sin rett til å gjera det vonde dei gjorde, eller dei tenkjer det ikkje er ein veg attende til fellesskapet, så vert dei verande i skammekroken. Stae nektar dei å koma ut, skamfulle tør dei ikkje koma ut.

Mange av oss er stolte. Vinnaren bur i oss. Me blir sure når me tapar i spel. Me taklar ikkje å ta feil. Men det hindrar ikkje at me gjer galt eller vondt. Då sit det langt inne å seia: Tilgje meg! Å erkjenna det vonde me gjorde og audmjukt be om tilgjeving, er meir enn me maktar.

Og plagar det vonde oss, er det fordi me sjølv har mista ansikt, ikkje fordi me har gitt den andre eit slag i ansiktet. Andre plagar seg sjølv med det vonde dei gjorde.

At nettopp dei har krenka ein annan, at dei kunne gjera den andre vondt, er meir enn dei kan bera. Dei vågar ikkje koma ut av kroken. Skamma er for stor.

Det er ikkje så vanskeleg for dei å be om tilgjeving med bøygd hovud. Men å løfta hovudet og sjå den andre i auga og ta imot tilgjeving, det vågar dei ikkje.

«I hans(Jesu) namn skal omvendning og tilgjeving forkynnast for alle folkeslag, .... de blir kledde i kraft frå det høge» Luk.24, 47-49.

Orda sa Jesus til læresveinane rett føre han vart teken opp til himmelen. Omvendning er når me byrjar snakka sant om livet. Når vondt vert kalla vondt. Når urett vert kalla urett. Når synd er synd. Når me seier: «Dette har eg gjort, og det er galt.» Då vert det verre for oss at me har gitt den andre eit slag i ansiktet, og mindre viktig at me har mista ansikt. Då veks ønsket og viljen til endring fram i oss.

Tilgjeving er når me ser inn i auga til ho eller han me har gjort vondt. Me ser korleis uretten har gitt ho eller han sår, og likevel ser me at ho, at han, tar imot oss og gjev oss plass i livet sitt på ny. Så kjem Den heilage ande til oss med kraft, kraft til å gje Gud rett når han dømer, og mot til å sjå Jesu smerte på krossen, tilgjevinga si sikre grunn. Når Anden kjem og vender vår vilje til Gud, når Anden kjem og set føtene våre på tilgjevinga sin trygge grunn, då går me med frimod ut frå skammekroken.

«Gud er den som frikjenner. Kven kan då fordømma?» (Rom 8,33-34)

Per Børge Hillestad



## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døpte

31. mai Sara Brekkhus Hay (Døpt i Hundvin kyrkje)  
28. juni Sofie Sylta Nordbustad (Busett i Radøy)  
19. juli Anna Emilie Kjeilen

### Døde

25. juli Tom Hilbert Skaar f. 1953  
28. juli Ingrid Petra Myking f. 1929

### Vigde

27. juni Rikke Heldal Hope og Robert Borge

### Takk for gåver

Austrheim sokneråd har også i år motteke gåver frå Austrheim Kvinne og Familielag. Vi får årleg gåve til å dekke innkjøp av 4- årsboka, vi får til ekstra pynting i kyrkja, desse pengane gjekk til påskeliljene som vart utdelt på jubileumsgudstenesta.

Og dei gjev ei gåve til KB.

Tusen takk for at de tenker på kyrkja sitt arbeid i Austrheim

-Helsing Austrheim sokneråd-

## Utgjevingsplan Kyrkjebakken andre halvår 2015

	Leveringsfrist	KB kjem ut
Nr. 07/15	15. september	01. oktober
Nr. 08/15	20. oktober	05. november
Nr. 09/15	01. desember	17. desember

E-post: kyrkjeba@online.no

Brev: Kyrkjebakken, Austrheimvegen 1262, 5943 Austrheim.

# Takk

## Takk

Hjarteleg takk til alle som hugsa meg på 75 års dagen min.  
Og til alle Dykk som kom innom, og som sende ymse helsingar.  
Det vart ein fin dag som eg vil hugse med glede.

Beste helsing Ole Lysø

## Hjarteleg takk

til diakoninemda og til Målfrid som kom med rose og kort til dagen min.

Helsing Svanlaug Hopland

## Hjarteleg takk!

Hjarteleg takk til alle som hugsa meg på 80-års dagen.  
Eg seg pris på at de kom og helsa på meg, ringde og sende blomsterhelsingar.

Beste helsing Kjellaug Haugsdal

## Takk

Takk til dei som kom og feira 90 års dagen sammen med meg.  
Takk til dei som kom seinare.  
Takk for gaver og blomster.  
Takk for rosa eg fekk, og takk til Aud som kom med henne.

Hilsen Astrid Skoge

## Offer 26. april – 19. juli

26.04	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2.527,-
14.05	Lokalt speiderarbeid	kr. 4.150,-
17.05	Kirkens nødhjelp (Kaland)	kr. 2.131,-
17.05	Kirkens nødhjelp (kyrkja)	kr. 7.521,-
24.05	Sjømannskyrkja	kr. 5.603,-
14.06	Skatten og perlene/ dekking av utgiftene	kr. 4.442,-
28.06	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2.105,-
19.07	Misjonsprosjekt i Mali	kr. 4.108,-

## Den store barnehelga 23-25. Oktober i Austrheim kyrkje

### Det heile startar fredag med pyjamasfest for treåringane!

Her blir alle treåringar i Austrheim invitert til å komme med sin finaste pyjamas og kosebamsen sin. Kyrkja vert pynta for anledninga, og det vert til og med seng foran altarringen. Her skal me synga nattasongar, fortella nattafortelling, ete deilig kveldsmat og vere med på ei lita kyrkjevandring.

### På laurdag er det fireåringane sin tur. Då blir det bollefest!

Vi skal selvfølgelig ha boller og saft. Så skal me sjå litt på 4-årsboka som skal delast ut søndagen. Du får di eiga aktivitetsbok, me skal synga kjekke songar, og me skal få høyre ei fortelling om ein sau. Kanskje du til og med får prøve å spele på orgelet

### På søndag er det Barnas festgudsteneste i Austrheim kyrkje.

Her er 3-åringane, 4-åringane, og alle dei som går på søndagsskulane på Litlås og Årås spesielt invitert. Denne gudstenesta er ei familiegudsteneste, og både 3-åringane og 4-åringane skal få utdelt ei bok denne dagen.  
Kom både store og små!

### Kapellangården i Kvalvågnes (Hundvin)

I tidlegare tider budde kapellanen i Lindås prestgjeld på Kvalvågnes ved Hundvin.

Lygra hørde også til Lindås prestegjeld den gongen.

I 1919 vart prestegarden lagd ned og seld. Kapellanen flytta då til Austrheim, men først som leigetakar på Årås gard. Prestegarden i Austrheim var ny i 1933 og sidan har dette vore prestebolig i Austrheim.

Bildet av huset i Kvalvågnes er frå perioden 1910-1912, familien som då budde der var kapellan Alf Holstad m/fam.



Prestar som har budd fast i Austrheim

#### Kapellantar:

Nils Røed	1919-1924
Olav Langhelle	1928-1929
Ludvig Klåstad	1930-1932
Jakob Brekke	1932-1942 Første som budde i noverande prestebustad
Peder Solsvik	1945-1965
Tore Tangen	1966-1970
Per Einar Sønnesyn	1971-1979
Sven Harald Nilsen	1979-1984
Anders Skeistrand	1984-1985
Jan Ulveseth	1986-1996
Egon Askvik	1996-2008

#### Sokneprestar:

Magne Bjørndal	2009-2014
Per Børge Hillestad	2014-

**Kyrkjelydsprest** Børge Ryland budde i kommunal bustad på Kaland:  
1993-2005



## PYNTESTEIN – DEKORSTEIN PÅ GRAVENE



Slik småstein som på dette bildet kan vi **ikkje** tillate i plantefeltet på gravene.

***Det er fint, men veldig farlig.***

Slike steinar kan bli teken med av tråden på kantklypparen og vi får ein "David mot Goliat" effekt. Med andre ord: steinen kan bli slynga lange avstandar og gjera stor skade både på mennesker og andre sine gravminner.

Gravplassane skal vera ein sikker plass å ferdast på, derfor blir slike steinar fjerna av kyrkjegardspersonellet av tryggleikshensyn. Elvestein til innramming av plantefelt bør ha minste størrelse som ein vaksen knyttneve.

Ber også om at all gravpynt vert plassert **i** plantefeltet. Lause lykter som vert brukt i den mørke årstida bør takast bort i sumarhalvåret, dei er skjemmaende slik dei står no.

Ber om at de som steller gravene på gravplassane i Austrheim respekterer dette.

## SLØYDKURS

**Løloftet / Mathias Sætre**

**Alder: 10-15 år**  
**FEM ONSDAGAR**

START: 23. SEPTEMBER 2015  
**Kl. 17. 30 – 19.30**

**Påmelding : 913 79 306**

Årås Sanitetsforening og Vesttun Gard  
Kurset er gratis

## GRAVPLASSEN PÅ AUSTRHEIM

Det er no kome gule lappar på ein del gravminner frå perioden 1966-1990.

Dette er graver vi ikkje veit kven som er pårørende til.

Om de finn gul lapp på ei grav de ynskjer å behalde, må det betalast festeavgift

Ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 56 16 72 90 eller

kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no

Alle har rett til fri grav i 25 år, etter det må det betalast festeavgift.

Vi vil utover hausten også sette lappar på gravfeltet frå 1935-1950 (felt 2)

-Kyrkjeverje-



## LERVÅG BEDEHUS

### MØTER

**Søndag 13.sept** kl 11:00 Tale: Geir Talberg Nattverd

**Søndag 27.sept** kl 11:00 Tale: Linda Nærøy

---

### BASAR

**Fredag 18.september** kl 18:00

Åresalg, trekning av loddbøker, mat, andakt og sang!

---

### UNGDOMSKVELDER

Fredager kl 19:30 – 22:30 fra 7.klasse

**28.aug 11.sept 25. sept**



## Bli med på tur til Kvalvågneset søndag 13.september

Som ein del av Austrheim Kyrkje sitt 150-årsjubileum, inviterar vi kyrkjelyden med på tur til Kvalvågneset. Det var her kapellanen vår budde fram til 1919. Prestegarden på Austrheim vart bygd i 1933, og i mellomtida her budde kapellanen på Årås gard. Meir om dette kan de lese på dei "historiske" sidene i KB.

Avreise med privatbilar frå Austrheim kyrkje kl.10.30. Vi reknar med å vere framme på Kvalvågneset ca.kl.11.30, så dei som ikkje vil køyre i følgje kan møte opp der då.

Når alle er vel på plass, får vi litt tilbakeblikk frå tidlegare tider og informasjon om plassen slik den er i dag.

Det er fint om alle kan ta med seg litt mat og drikke, så samlast vi til eit felles måltid. Det er grillar på staden som vi kan bruke, og turkomiteen ordnar med at det vert fyrst opp i desse.


Litt enkelt program el. konkurransar høyrer også med når vi er ute på tur.

Rundt Kvalvågneset er det laga til ein tursti i fint terreng. Turen rundt tek 1 -1,5 time, og dei som har lyst til gå ei runde i turløypa kan gjere dette når vi avsluttar fellesprogrammet ca.kl. 13.30.

Treng du skyss eller har spørsmål, ring Arne Lerøy tlf: 45632592

Helsing turgruppa Arne, Arne, Mikal og Svanhild





# Med Jesus som forbilde

Hausten 2015 fortsetter vi temaserien Med Jesus som forbilde.

Neste samling blir på Årås bedehus mandag 28. September kl. 19.00

Det blir godt fellesskap, undervisning ved Per Børge Hillestad, samtale og kveldsmat.

Velkommen til en spennende kveld!

Arr: Austrheim sokneråd.

## Kjære konfirmant!

Snart er du ferdig med konfirmasjonstida! Dette har vore ei tid for undring og nye opplevsalar. Konfirmasjon i kyrkja handlar om å utforske kristen tru og dei store spørsmåla i livet. Gjennom Kristuskransen har de som konfirmantar fått lære at Gud er med oss i alle ulike situasjonar vi kjem opp i. Kristuskransen kan vere fin å ta med seg også vidare i livet!

30.august er ein festdag for deg og familien din! Kyrkjelyden ynskjer lukke til med konfirmasjonsdagen! Vi vil også takke for at de som konfirmantar har delteke på mange av gudstenestene og utført enkle oppgaver på ein flott måte.

Han som møtte deg i dåpen kaller deg på nytt til seg. I sin kjærlighet og nåde vil din Gud velsigne deg.  
(Liv Nordhaug)

Helsing frå Kyrkjelyden og Soknerådet v/ Svanhild Vadøy Neteland



## Konfirmasjon før og nå..

Tradisjonen med konfirmasjon kan sporast heilt tilbake til oldkyrkja sine dagar. Men i Norge fekk ordninga for alvor vind i segla då konfirmasjon vart påbode i 1736. Det vart lovfesta at alle i løpet av ungdomstida si skulle konfirmerast gjennom ein offentleg eksamen i den kristne tru og ei kyrkjeleg innviing med handspålegging og forbøn.

Frå korte til lange bukser. Med påbødet vart konfirmasjonen ein juridisk inngangsbillett til det vaksne samfunn. Ingen kunne takast ut til militærtjeneste, inngå ekteskap, vere fadder ved dåp eller vitne i retten utan konfirmasjonsattest. Og om ein ikkje hadde møtt til konfirmasjon innan fylte 19 år, kunne ein straffast med tukthus eller gapestokk. Om konfirmanden ikkje besto den offentlege eksamen i kyrkja vart han «attvist» og måtte konfirmerast på nytt neste år.



Etter konfirmasjonen var tenåringen blitt ein vaksen. Foreldra forventa andre interesser og haldningar frå sonen eller dottera, og til og med kleda forandra seg. Gutane gjekk frå korte til lange bukser, og på konfirmasjonsbileta viste mange seg fram for første gong med hatt og stokk. Fram til 1912 var alle pålagt å bli konfirmert. Men frå då av vart konfirmasjon frivillig, og alle straffetiltak rundt ordninga vart oppheva. Sjølv om straffetiltaka var oppheva, så var det ei skummel oppleving på overhøringa. På 60 talet var det store kull, og når dagen kom var det å håpa på at du ikkje kom til å bli spurd om f.eks dei ti boda, trusvedkjenninga, ei salme, eller noko frå Luthers lille katekisme. Undervisninga føregjekk i kyrkja, og presten hadde undervisninga. For mange var det lang veg å kome til kyrkja. Dei måtte bl.a kome med båt frå øyane. Midt i undervisninga var det pause, og då nytta ein del sjansen til å snike seg ned til Johan Ruus og kjøpe snop. Peder Solsvik (bilde) snakka ikkje med høg stemme, så det var ikkje alltid like lett å få med seg alt. Solsvik var ikkje så streng, men likevel nytte han stor respekt. Kulla kunne vere på godt over 60 konfirmandar.. Helga etter konfirmasjonen kunne ein gå til gudsteneste og få nattverd.



Austrheim og Fedje konfirmandane 2015

I dag er det kristuskransen som er opplegget til konfirmandane. Her går vi gjennom dei forskjellige perlene i kransen for å bli betre kjent med Jesus og med trua. Den tradisjonelle overhøringa der konfirmandane gjekk opp til «eksamen» er bytta ut med ei samtalegudsteneste der alle konfirmandane deltek for å presentera innhaldet i dei forskjellige perlene. Forhåpentlegvis er det ikkje så skummelt lengre med konfirmasjonsdagen. Me ser fram til søndag 30.aug, og håpar det blir ein god dag for alle konfirmandane. På dei neste sidene får me ein presentasjon av årets konfirmandar.

# AUSTRHEIM KONFIRMANTENE 2015



Adrian Mattevik



Adrian Ånneland



Andrine Svellingen  
Risnes



Benjamin Bækkelund  
Hope



Brage Risnes  
Bjørnbekk



Elias Langøy  
Tresvik



Emilie Lundal  
Gjerd



Florian Knieriem



Frode Wilkensen



Henriette Austrheim



Henrik Nyheim  
Fønnes



Ingvild Bakke



Isak Brekke



Johannes Gjerde  
Skoge



Julia Ånneland  
Morgado



Kristoffer Sætre  
Strømmen



Lars Gullaksen  
Fønnes



Maja Hamre



Maren Kristin Daae



Marthe Nilsen  
Hammer



Mathilde Alida  
Austrheim Olsen



Patricia Apura



Patrick Hodneland  
Ask



Silje Følid Vågenes





Simen Uthaug



Sindre Vågenes



Sivert Rosnes  
Nordgard



Sverre Løvslett



Tanita Haugsdal  
Sæthre



Tobias Fonnes



Torstein Bjørøy  
Nesse



Victoria Seim  
Kjeilen



William Austrheim



Øystein Stormark  
Austrheim



Austrheim og Fedje konfirmantane 2015

Kvifor skal eg røyste ved Kyrkjevalet- eg er jo nesten aldri i kyrkja ? Det kan dei gjere som går der ! Slik tenkjar no mange. Men det er viktig at alle som er medlem i Den norske kyrkje brukar røysteretten sin.

Du bør stemme på det lokale soknerådet fordi:

Dei har mellom anna ansvar for:

- barne- og ungdomsarbeid – særleg ansvar for alle døypte born.
  - konfirmantundervisninga
  - diakoniarbeidet, i Austrheim er dei særleg god på eldrediakoni.
  - gudstenester og konsertar i kyrkja
  - korleis kyrkja skal drivast og sjå ut
  - korleis gravplassane våre i Austrheim skal forvaltast
  - fastsetje avgifter knytt til gravplass og kyrkje.
  - dei fleste gravferdene er kyrkjelege
  - skal du gifte deg i kyrkja må du ha kontakt med dei tilsette i soknerådet
  - skal du døype barnet ditt må du ha kontakt med kyrkja og dei tilsette
- Soknerådet er arbeidsgjevar for:
- Kyrkjeverje og sekretær
  - Kyrkjemusikaren
  - Kyrkjelydspedagogen
  - Kyrkjjetnar og reinhaldarar
  - Kyrkjegardsarbeidaren og ferievikarane på gravplassane.

Om du ikkje stemmer har du heller ikkje rett til å klage på avgjersler Soknerådet tek !

Kyrkjene er eigd av soknet, ikkje av kommunen.

I kommunar med fleire kyrkjer er det også ofte fleire sokneråd, t.d. i Lindås. Då er ein representant frå kvart sokneråd samansett til eit Kyrkjeleg Fellesråd, dei utfører då ein del av dei oppgåvene soknerådet i Austrheim har, t.d økonomi- gravplass- og bygnings forvaltning.

Men **Bispedømeråd og Kyrkjeråd** kva er no det ?

Det er også eit viktig organ i kyrkja.

Bjergvin bispedøme femner om Hordaland og Sogn og Fjordane fylker.

- Bispedømerådet tilset prestane
- Kyrkjerådet utnemner Biskopane

Kyrkjemøtet er det øvste organet i Den norske kyrkja.

Kyrkjerådet har som hovudoppgave å vere Kyrkjemøtet sitt førebuande og iverksettande organ.

### **Kyrkja sitt Storting**

Kyrkjemøtet som består av medlemmane i dei elleve bispedømmerådene, har 116 delegater. Kyrkjemøtet samlast ordinært en gang i året.

Kyrkjemøtet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på saker av felles kyrkjeleg karakter. Kyrkjemøtet har ei rekke oppgåver etter Kyrkjelova § 24.

## SOKNERÅDSVAL

**Mandag 14. sept. er det soknerådsvalet. Valet er same dag som kommunevalet.  
Det vert sendt ut valkort og informasjon om førehandsrøysting og vallokaler.  
Det skal veljast 10 medlemar og 5 varamedlemar.**

**Alle som er medlem i Den norske kyrkja og som fyller 15 år innan utgangen av 2015 har røysterett.**

### Kandidatliste til soknerådsvalet i Austrheim

Navn	Alder
ARNE IVAR LERØY	68
ANNY HELENE BERTELSEN	66
SYLVELIN STRØMMEN FONNES	66
JUSU FALLAH GYFLAN	31
BRITT ELLEN LEIKVOLL YSTEBØ	48
HENRIK NIELSEN	18
BJØRN-HELGE OLSEN	41
ANITA BAKKE	46
SVEIN TOMAS VILLANGER	35
MARGRETHE DRANGE	35
INGER IRENE SYNNEVÅG	60
KINE ALFREDSSEN LERØY	41
TROND EINAR SØRENSEN	53
HELGE DYRKOLBOTN	51
JORUNN LAILA KÅRDAL	63
STEIN KÅRE LØVSLETT	58
KJELL DAHLE	69
LINN LERØY	32
EINAR AUSTRHEIM	51
INGE MONRAD BERGSVIK	70

På stemmesetlane som skal nyttast ved valet er det mogelig til å setje X (tillegsrøyst ) på inntil tre kandidatar.


Det kan også førast opp namn på andre røysteføre, inntil 3 personar. Desse kan du ikkje gje tillegsrøyst

Det er ikkje høve til å stryke kandidatar.

## BLADPENGER

Håpar de fann giroblanketten i KB som kom ut før ferien.  
Vi treng bladpengar for å halde hjulene i gang på bladet.  
Kontonummer til Kyrkjebakken: 3490.07.04196





Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## Fotpleie

31. aug  
21. sept  
12. okt  
26. okt  
16. nov  
30. nov  
21. des



**Kontakt Asbjørg Lohne 918 07 436**

### Velkommen på MINI-VING og VING.

Barnelaget startar opp igjen torsdag **27. august** på Årås bedehus kl. 17.00 – 18.00. Alle nye og gamle er hjarteleg velkomne.

**Annankvar torsdag** møtes me og syng, høyrer bibelfortejlingar, har hobbyaktivitetar og av og til mat. Kom gjerne innom for å sjå kva me gjer! Det vert ikkje samling i haustferien.

Mini-ving : 4år – 1.klasse  
(yngre i følgje med vaksen)  
Ving: 2. klasse – 4.klasse.



Du må gjerne følgje barna og slappe av med ein kopp kaffi.

For meir informasjon sjå [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)



## MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

## DITT LOKALE BOSCH-VERKSTED



### Vårt verksted utfører:

- EU-kontroll opptil 7,5 tonn
- Regsterskift
- Reparasjoner
- Servicer Intervall
- A/C/kilmaservice
- El. feilsøking på motorstyring /div. komfortsystemer
- Glasskifte og rep.
- NB! Vi gir rep. tilbud
- Alt Innen dekk

### Topp moderne vaskehall

- Høytrykkspyler for hovedvask
- Poleringsprogram
- Bevegende under-spylingsprogram
- Gjennomkjøring
- Vask m/polering = 9 min
- Hver 6. vask gratis



### Bensinstasjon med stort utvalg!



Velkommen til en hyggelig handel!  
[www.boschcarservice.no](http://www.boschcarservice.no)  
E-post: [fosbil@online.no](mailto:fosbil@online.no)



## Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik

## Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



**SKARSVÅG**  
Rør og Interiør as



## Mini Frisørsalong



ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.  
Timebestilling: Mandag, Tirsdag,  
Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16  
Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.*

*Telefon vakt 56 16 98 35*

MNTF



**Panasonic  
varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

## RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenselanlegg

Kontakt:  
August Norge AS  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befarings!  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## Biblioteket - opningstid

### Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)

God bok!

## SYMJEHALL

### Offentleg bading i bassenget på Kaland

Måndag	Fredag
17-19 Familie/born (foreldre med små born vert prioritert)	17-18 Alle 18-19 Alle 19-20 Alle
19-20 Pensjonistar	20-21 Alle
20-21 Vaksne	

Vaksne kr.30,- Born under 16 år kr.15,-  
Bassenget sine opningstider føl skuleruta

## AnnONSE i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside	kr. 1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

## Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

**Legevakt: 56 35 10 03**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl.08.30 - 15.00. Me svarar på**

**telefonen 08.30 - 12.00 og**

**13.00 - 15.00.**

**Utanom desse tidene**

**kun øyeblikkeleg hjelp.**

**Ingen reseptbestilling måndagar.**

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

**Jordmor:**

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

## Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:**  
56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vår ekspertise bedrer din livskvalitet!

# Blåresept - vi har kompetansen!

## Har du pose på magen?

Vi fører alt utstyr til deg som er stomioperert, og som er godkjent på blå resept.

## Kontakt oss

**BANDABUTIKKEN AS**

Lindås Senter  
5955 LINDÅS

Tlf: 56 36 95 11

E-post: [post@bandabutikken.no](mailto:post@bandabutikken.no)  
Nettbutikk: [www.bandabutikken.no](http://www.bandabutikken.no)



## Våre kjennetegn

- Vi har alltid tid til deg.
- Vi er spesialister på vårt fagområde.
- Vi er faglig oppdaterte og vet hva som finnes av hjelpemidler til enhver tid.
- Vi foretar hjemmebesøk etter avtale.
- Vi bringer varene hjem til deg gratis, hvis du ønsker det.
- Hos oss får du produkter som passer deg best!

Følg oss på [facebook/bandabutikken](https://www.facebook.com/bandabutikken)

## SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



## Giving Hope To A Child (GHTAC)

**Giving Hope to a Child** har på ny full fokus på vår opprinnelege plan om å byggje og drive eit «community centre» med barneheim, skule, vaksenopplæring og helse-senter i Liberia. Vi må auke talet på fadderar, og vi er glade for all støtte vi kan få. Du kan støtte dette prosjektet på ulike vis.

- Teikna deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikna deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, kto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår: [www.givinghope.no](http://www.givinghope.no) eller GHTAC på facebook.

*Rolf Maurseth*

<i>Stine B. Karlsen</i>	Styreleiar	<i>Arne Lerøy</i>
Styremedlem		Styremedlem
<i>Ole Moen</i>		<i>Monika Thorpe</i>
Forretningsfører		Styremedlem.



## ÅRÅS SØNDAGSKULE

starter opp igjen 6. september kl 11.00  
på Årås Bedehus (på loftet).  
Ønsker nye og gamle søndagskolebarn  
VEL MØTT.

Videre fremover blir det søndagskole  
følgende datoer:  
27.9 – 18.10 – 15.11 – 13.12.  
OBS søndag 25.10 er det søndagskolens  
dag i Kirken.

## Årås Bedehus

Søndag 06. sept. Sesongstart kl 16:00.  
Tale ved Lars Arne Markhus.  
Song av musikklag.  
Tirsdag 08. sept. Bønnesamling 19:00  
Tirsdag 22. sept. Bønnesamling 19:00  
Søndag 27. sept. Formiddagsmøte 11:00  
Søndag 11. okt. Formiddagsmøte 11:00.  
Reidun Skurtveit talar.

Meir info finn du på:  
[www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Alle er velkomne til samlingane.

## AFASI / HJERNESLAG.

### Innbyding til foredrag og skipingsmøte.



## Å leve med afasi!

### Foredrag av Hedda Døli

Stipendiat

Bergen Logopedic Research Group

Institutt for Biologisk og Medisinsk Psykologi Det Psykologiske Fakultet Universitetet i Bergen

Ho vil presentere informasjon om kva afasi er, i tillegg vil ho gje tips om trening til både pårørande og personar med afasi.

Måndag 07.09 klokka 18.00 på Seniorsenteret i Austrheim.

Etter foredraget vert det lett servering og drøftingar om det er mogeleg å skipa ein organisasjon i Nordhordland for personar som lever med afasi / hjerneslag og deira pårørande.

Arr: Frivilligsentralen



# Kystsoge vekene 2015

8. august til 13. september  
www.kystsogevekene.no

## Familiedag i friluftsområdet i Øksneset

Søndag 6. september kl 14

Familiedag i Øksneset på den nasjonale «Kom deg ut dagen»

Arr: Velforeninga i Dyrnes, Rebnord og Øksnes, Austrheim Ungdomsklubb, BOF og Austrheim kommune



## Ivar Medaas - Dar kjem dampen

Laurdag 12. september kl 19:30

Austrheim samfunnshus

Bill. kr 300,- Sal av billetter på Servicekontoret på kommunehuset, Mastrevik bok og papir, og Free Sport på Fønnes senter.

I kabareten *Dar kjem dampen* følger vi den folkekjære visesongaren Ivar Medaas si reise frå fjøs til scene.

**MEDVERKANDE**

Annlaug Børsheim

Claus Sellevoll

Olav Stedje

Aage Vaksdal

Arr: Austrheim kommune i samarbeid med Austrheim Songlag

# Austrheim samfunnshus Basar



**SØNDAG 20. sept.  
KL 18.00**

**Åresal  
Trek. av Loddbooker  
Kaffi/soft/mat**

**Litt underholdning  
Arr: eigarlaga**



**Austrheim  
kyrkje  
søndag  
06. sept  
kl.19:30**

Det vert servert kaffi, te og noko å bita i.

Kollekt.

Alle er hjarteleg velkomne.